

Forskrift xxxx nr. xx om fastsetjing av medmorskap

Fastsett av Barne- og likestillingsdepartementet (dato) med heimel i lov 8. april nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) § 4 a.

[Merknad: Kapittelinnndeling er unødvendig i en så liten forskrift. I stedet foreslås overskrifter til hver enkelt bestemmelse.]

§1 *Assistert befruktning*

Definisjonen av assistert befruktning i bioteknologiloven § 2-1 gjeld tilsvarende etter barnelova §§ 3 og 4. Assistert befruktning etter barnelova krev dessutan at sæd er tilbydd av godkjent helsestell, og at sædgivaren er omfatta av eit donorregister.

Den assisterte befruktinga må ha funne stad på godkjent helsestell oppført på Helse- og omsorgsdepartementets liste over godkjent helsestell.

[Merknad: Bestemmelsens annet ledd er flyttet fra § 3, se merknad til § 3.]

§ 2 *Godkjent helsestell*

Godkjent helsestell er her i landet helsestell som har godkjenning til å utføre assistert befruktning etter bioteknologiloven og forskrift 7. mars 2008 nr. 222 om krav til kvalitet og sikkerhet ved håndtering av humane celler og vev.

Helse- og omsorgsdepartementet fører liste over helsestell godkjent her i landet, og liste over helsestell som er godkjent i utlandet, og som utfører assistert befruktning i tråd med vilkåra i forskrifta her.

[Merknader: Ettersom godkjent helsestell er nevnt i § 1 gir det bedre systematikk å si hva som er godkjent helsestell i den påfølgende bestemmelsen.. § 4 foreslås derfor flyttet. § 5 i utkastet foreslås dessuten slått sammen med § 4 i utkastet. Det anses ikke nødvendig å ha en egen bestemmelse om liste over helsestell i utlandet. Det synes som vilkårene som skal være oppfylt fremgår tilstrekkelig av forskriften, slik at henvisningen til loven §§ 3 og 4 kan utgå.]

§ 3 *Tidspunkt for når vilkåra for medmorskap skal være oppfylt*

Ei kvinne som skal reknast som medmor etter barnelova § 3, skal ha vore gift med mora til barnet på tidspunktet fødselen skjer.

Ei kvinne som skal reknast som medmor etter barnelova § 4, skal ha vore sambuar med mora til barnet på tidspunktet den assisterte befruktinga skjer.

Ei kvinne som skal reknast som medmor skal ha gitt skriftleg samtykke til assistert befruktning før behandlinga skjer.

[Merknad: 1) §§ 2 og 3 i utkastet kan med fordel slås sammen ettersom begge regulerer skjæringstidspunktet for når vilkårene for medmorskap er oppfylt. 2) § 3 annet ledd er foreslått flyttet til § 1 om assistert befruktning ettersom den ikke berører skjæringstidspunktet. I tillegg er bestemmelsen foreslått omformulert slik at man unngår å bruke uttrykket ”kvinne som søker om medmorskap”. Dette er uheldig ettersom også mor til barnet kan søke om å få fastsatt at en annen kvinne skal regnes som medmor for det særlige tilfellet at den kvinnen som har gitt samtykke til befruktning ikke ønsker å søke om medmorskap. Det er således ikke nødvendigvis den kvinnen som søker om medmorskap som skal oppfylle vilkårene for medmorskap, men den kvinnen som skal regnes som medmor.

§ 4 Prosedyre for fastsetjing av medmorskap

Folkeregistermyndigheita avgjer om vilkåra for medmorskap etter barnelova §§ 3 og 4 er oppfylt og gjer vedtak om fastsetjing av medmorskap etter søknad frå minst ein av partane. Myndigheita kan gjere vedtak før barnet er fødd.

Reglane i forskrifta gjeld og i tilfelle ein av partane ikkje ønskjer å medverke til at medmorskap vert fastsett.

[Merknad: Poenget med denne bestemmelsen og plasseringen er å tydeliggjøre at medmorskap fastsettes ved særskilt vedtak etter søknad fra partene og at dette gjelder både der medmorskap etableres på grunnlag av ekteskap etter barnelova § 3 og ved vedgåelse etter § 4. Dessuten kan det være et poeng å få frem at denne prosedyren også gjelder der en av partene ikke vil medvirke til å få medmorskap fastsatt. Formålet med omrokkingen har vært å få en klarere og mer systematisk oppbygning av forskriften.]

§ 5 Krav til søknad

Søknad om å få fastsett medmorskap skal sendast folkeregistermyndigheita. Søkjer kan sende søknad så snart den assisterte befruktninga har funne stad.

Både søknad om medmorskap og samtykke til assistert befruktning skal skrivast på fastsett blankett. Søknaden kan likevel ha eit samtykke som ikkje er gitt på fastsett blankett når samtykket vart gitt før assistert befruktning fann stad og det ikkje er aktuelt å få samtykke på søknaden(fastsett blankett).

[Merknad: Vi foreslår en del endringar her fordi vi antar det ikke er helt treffende å si kvinna som "søker" om medmorskap i de tilfellene hvor det er mor til barnet som ønsker å få fastsatt medmorskap, men hvor medmoren ikke ønsker å bidra til søknaden. Det er vel slike tilfeller eller f eks der medmoren dør før søknad er sendt og tilsvarende tilfeller bestemmelsen særlig tar sikte på. Vi foreslår forsøksvis å skrive om unntaket slik at vi unngår problemstillingen og slik at det fremgår at det ikkje er aktuelt å få samtykke. Videre antar vi det ikke er ønskelig at myndigheten fritt kan velge når samtykke på et annet dokument er tilstrekkelig, jf. "kan" i BLD's utkast. Det bør være kriterier for når søker har krav på at slikt samtykke er tilstrekkelig.]

Søknaden skal underskrivast av minst ein av partane.

Vedlagt søknaden skal følgje dokumentasjon frå godkjent helsestell. Dokumentasjonen skal stadfeste at

- a) assistert befruktning har funne stad
- b) identiteten til sæddonor er kjent
- c) sædgivar er omfatta av eit donorregister.

[Merknad: Forslaget til endringer tar sikte på å få en klarere og mer systematisk oppbygning av forskriften. Spørsmålene om hvem søknaden sendes til, hvordan søknaden skal utformes, hvilke formkrav for øvrig som skal stilles og hva den skal inneholde av vedlegg og dokumentasjon hører naturlig sammen. (Samtykke kan for øvrig ikke regnes som et vedlegg hvis det skal skrives på blanketten hvor også søknaden skal skrives, med mindre det dreier seg om to ulike blanketter.) Hvem som treffer vedtak om fastsetting av medmorskap og klageadgang bør reguleres i en særskilt bestemmelse. I utkastet til forskrift er kravene til søknad, blandet noe sammen med reglene om kompetent myndighet og klageorgan.. I § 8 er kravene til hvor samtykket skal skrives, unntak fra dette og kravene til underskrift oppstilt i en ikke helt naturlig rekkefølge.

§ 6 Klage

Partane kan klage på vedtaket til Skattedirektoratet etter føresegnene i forvaltningslova.

§ 7 Forholdet til andre forskrifter

Føresegnene i forskrift 25. oktober 1982 nr. 1524 om melding av fødsler, erkjennelse av farskap og melding om valg av navn gjeld så langt dei passar for vedgåing av medmorskap, jf. barnelova § 4.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta gjeld frå 1. januar 2009.